



Notat

Dato: 02.12.2015
Arkivsak: 2015/10847-6
Saksbehandlar: malsons

Ferjetilbodet Kinsarvik-Utne-Kvanndal - svar på spørsmål til fylkesordføraren

Aud Karin Oen har stilt følgjande spørsmål om ferje i Ullensvang:

1. *Det har oppstått noko uvisse kring det positive vedtaket i fylkesutvalet i sak 274/15 om ferjetilbodet på Kinsarvik-Utne-Kvanndal.*

Før 1. oktober 2015 trafikkerte ferje 2 - for tida "Jondal" - sambandet Kinsarvik - Utne - Kvanndal. Frekvensen vart størst mellom Utne og Kinsarvik - internsambandet i Ullensvang. Ferje 2 utgjorde "trekantsambandet" - dvs. tre ferjekaiar - Kinsarvik - Utne- Kvanndal tur/retur. (Det er ikkje direkteferje Kinsarvik-Kvanndal.) I fylkestinget i juni vart det teke vekk 1,7 millionar frå dette trekantsambandet - noko som medførte til at ferje 2 kun trafikkerer Utne-Kinsarvik med lågare frekvens.

Når 1,7 millionar no er lagt innatt, forstår brukarane av trekantsambandet - Kinsarvik - Utne - Kvanndal - det slik at det er ruteoppsettet frå før 1. oktober 2015 som er på plass att.

Er dette rett forståing av vedtaket i sak 274/15

2. *Når vil vedtaket i fylkesutvalet/ fylkestinget tidlegast verte iverksett?*
3. *Revidering rutetabell trekantsambandet Kinsarvik - Utne – Kvanndal*

Før rutetabellen vert sett opp - er det mogeleg å gjennomføra ei høyring for såleis kunna fanga opp brukarane sine lokale behov til frekvens ?

Fylkesutvalet gjorde vedtak i sak 144/2015 om at Kvanndal - Utne - Kinsarvik frå hausten 2015 skulle utgjere to ein-skilde samband, Kvanndal – Utne og Utne - Kinsarvik, samt at sambanda skulle få eit rutetilbod tilpassa dagens trafikkgrunnlag. Til grunn for vedtaket låg og innsetting av ny ferje, M/F Utne, på sambandet Kvanndal – Utne. Ny ferje gjorde det mogleg å flytte M/F Hardingen til sambandet Skjersholmane – Ranavik som ferje 1. I tillegg fekk sambandet Skjersholmane – Ranavik styrka reserveferjeløysingar ved å få vesentleg redusert responstid til «innan 12 timar» for både ferje 1 og ferje 2. Endringane i rutetilbodet Kvanndal – Utne – Kinsarvik, ny ferje, flytting av ferje samt forbetring av reserveferjeløysingar ved avvik gav fylkeskommunen samla sett ei årleg innsparing på om lag 1,7 MNOK (2014 kr).

1,7 MNOK lagt inn att i budsjettet er ikkje tilstrekkeleg for å få tilbodet frå før 1. oktober attende. Dette grunna at løysinga som vart gjennomført 1. oktober og omfatta fornying og endringar i ferjeflåten samt forbetring av reserveferjeløysing. Dette er tiltak som isolert sett ville gitt auke i kostnadane. 1,7 MNOK vil

med vidareføring av Kvanndal – Utne – Kinsarvik som to einskilde samband gje rom for 8 ekstra rundturar Utne – Kinsarvik kvar veke. Dette så framt at nye rundturar ikkje krev ny skiftordning. Nye rundturar kan vere avgang Kinsarvik kl.18.40 og avgang Utne kl.19.15 alle kvardagar, samt ein ekstra rundtur på dagtid på tysdag, torsdag og fredag. Ei slik endring i rutene kan sannsynlegvis verte sett i verk frå 1. februar 2016.

Større endringar enn dei som er foreslått over vil krevje dialog med operatøren Norled for klargjering av kostnader og konsekvensar. Det er av denne grunn vanskeleg å setje tidspunkt på når endringane eventuelt kan skje frå. Å få tilbodet frå før 1. oktober attende med trekantsamband Kvanndal – Utne – Kinsarvik vil og kunne involvere endringar på andre samband.

Fylkesrådmannen har i tidlegare dialog med brukarar og Ullensvang herad fått innspel knytt til frekvens og opningstid på sambanda Kinsarvik - Utne og Kvanndal – Utne. Sist dialog var då Skyss var tilstade i Hardangerrådet i september for å få innspel frå kommunane til justeringar og omprioriteringar i ferjetilbodet i kommande anbod. Fylkesrådmannen kan ta ytterlegare kontakt, men vil peike på at 40-50% av totalkostnaden til ferjedrift er mannskap, og at endringar i frekvens og opningstid som påverkar tal skift for mannskapet vil gje auka kostnader.